



**MEDALJAR:** Jon Ove Lomheim, Per Birger Lomheim og Ove Fredheim har med seg fire medaljar heim frå veteran-VM i Orkdal.

(Foto: Sondre Dalaker, Sognahopp)

# Nådde VM-målet

■ Eitt gull ■ To sølv ■ Ein bronse

**ORKDAL: Veteranane frå Hafslo nådde VM-målet, og vel så det.**

Per Birger Lomheim, Jon Ove Lomheim og Ove Fredheim reiste til veteran-VM i hopp og kombinert med mål om å vera blant dei seks beste i hoppbakken og ein plass på pallen i kombinert. Etter strålende innsats både i bakkane og i sporet vart resultatet eitt gull, to sølv og ein bronse.

## Til topps

Gullbragda var det Per Birger Lomheim som stod for i klasse 70 år etter å ha strekt seg langt ned i K35-bakken med super stil og flott telemarksnedslag.

Men han var ikkje den einaste frå fylket som kunne ta steget opp på den gjævaste plassen på pallen. Nils Olav Kongsvik frå Førde gjekk heilt til topps i klasse 60 år. I same klassen vart Jon Ove Lomheim nummer 5.

## Tett som hagl

I K-55 bakken var det tøff kamp om medaljeplassane. Her måtte både Jon Ove Lomheim og Ove Fredheim ta til takke med den sure fjerde-

plassen. Sistnemnde i 50-års klassen.

– I min klasse var det så jamt at det berre skilde ein halv meter i lengde mellom fjerde- og sjuandeplassen, seier Jon Ove Lomheim.

## Sølv og bronse

Kombinert var den øvinga dei tre veteranane frå Hafslo hadde størst voner om å gjera ein god figur i. Og dei skuffa ikkje.


Jon Ove Lomheim og Ove Fredheim gjekk begge inn til sølv, medan superveteranen Per Birger Lomheim sikra bronzen i sin klasse. Med det utvida han den totale medaljefangsten i veteran-VM til 20.

Og då kan Jon Ove Lomheim berre konstatere: – Me nådde VM-målet vårt.

## Fine forhold

Det er tredje gongen veteran-VM i hopp og kombinert vart arrangert i Noreg. Arrangørane i Orkdal hadde lagt ned eit stort og godt arbeid i forkant og kunne by dei 130–140 deltakarane på supre forhold i Knyken skisenter. Både i hoppbakkane og i langrennsløypa.

– Under hopprennet onsdag var det strålende forhold. Torsdag var det litt bris i lufta utan at det skapte problem for hop-



**PÅ STELL:** VM-arrangøren baud utavarene på flotte forhold i Knyken skisenter. (Foto: Jon Ove Lomheim)

parane. Det har vore eit flott VM under flotte forhold, seier Jon Ove Lomheim.

## Klassisk

Medan mange av hopparane har gått over til V-stilen, held brørne Lomheim seg til den

gamle gode klassiske stilen.

– Dei som hoppar klassisk er dei fiinkaste til å setja telemarksnedslag, smiler Jon Ove Lomheim. For dei to eldste veteranane frå Hafslo er meisterskapen over. No ventar berre banketten på laurdag før ein

lang biltur heim til Sogn. Ove Fredheim konkurrerte fredag i K-75 bakken, han er også aktuell til å gå lagkonkurranse dag.

Kai Martin Brekke  
kai.martin.brekke@sognavis.no